

Vedtekter for Ulvik Ungdomsråd



Vedteke av Heradsstyre 23.06.2004, endra i HST-sak 087/07 den 19.12.2007,
sist endra i HST-sak 14/11 den 16.02.2011, sist endra i HS-sak 011/19 10.04 2019



E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928

§1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Ungdomsrådet i Ulvik er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i heradet.

1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i heradet
- Å vere orientert om alle saker i heradet. Gjennom å få tilsendt saksdokument
- Å vera rådsorgan for heradet i saker om vedkjem dei unge
- Setje søkjelys på å skapa identitet til eige herad, og på ungdomsflyttinga
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom
- Tilretteleggje arenaer der ungdom generelt i heradet får uttale seg om saker

1.3 Ulvik ungdomsråd sine oppgåver er ma:

- Å fordela midlar til tiltak av interesse for ungdom
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge
- Å skapa møteplassar for ungdom
- Å etablere ordningar der ungdom generelt kan uttale seg
- Samarbeid med ungdomsråd i andre kommunar

§2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Valperiode

- Ungdomsrådet vert vald for eit skuleår, med nyval innan 1.oktober kvart år.

2.2 Samansetjing

- Til ungdomsrådet skal det veljast representantar og vararepresentantar i alderen 13 til 20 år
- Dersom ein fyller 20 år i valperioden, beheld ein plassen sin i ungdomsrådet fram til neste val
- Ulvik ungdomsråd skal ha 7 medlemmer, derav minst 4 frå ungdomsskulesteget
- Valperioden er 2 år og det skal veljast 3/4 representantar kvart år
- Valperiode for vara er 1 år
- Ungdomsrådet står fritt til å oppnemna personar til arbeidsgrupper/utval ved arrangement og andre aktivitetar for ungdom. Her må minst 1 representant frå ungdomsrådet vera med

2.3 Konstituering

- Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge. Kasserar- og sekretærfunksjon vert lagt til den vaksne kontaktpersonen utpeika av heradet.

2.4 Talerett

- Leiar eller to representantar frå ungdomsrådet kan få talerett i formannskap og heradstyre
- Ordførar, rådmann og kontaktperson har møte-, tale- og forslagsrett på møta i ungdomsrådet



§3 Kontaktperson

3.1 Funksjonstid

- Kontaktperson frå heradstyret vert utpeika for 4 år av gongen.

3.2 Ungdomsrådet ynskjer at kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunale organ
- Sørgja for at saksdokument i aktuelle saker som heradstyre arbeider med vert sendt til leiaren i ungdomsrådet minst ei veke før ungdomsrådsmøte
- Hjelpa til ved val
- Samarbeide med leiar i ungdomsrådet om praktisk tilrettelegging og sekretærfunksjonar
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet
- Ha ansvar for opplæring, jmf § 6

§ 4 Møteverksemd

4.1 Møte

- Ungdomsrådet skal ha minst 2 opne møte pr år der alle ungdommar i heradet har tilgjenge. I samband med desse møta, skal rådet ha eit møte i førekant og eit i etterkant av dei opne møta. Elles kan rådet ha møte etter behov

4.2 Referat

- Det skal førast referat over ungdomsrådet sine møte. Møterefertat til heradets Websak skal førast av sekretær

4.3 Sakskunnskap

- Ungdomsrådet kan invitera politikarar og administrasjon til rådmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak
- Ulvik ungdomsråd skal ikkje behandla saker der heile saka eller deler av saksmaterialet er verna av teieplikt

4.4 Møteplan

- Ungdomsrådet skal setje opp sin eigen møteplan for kvat halvår. Denne skal sendast til ordførar, rådmann og kontaktperson

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av dagsorden
4. Statusrapport – økonomi
5. Behandling av saklista
6. Ymse

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast på siste møte i året. Arbeidsliste med saker til oppfølging for neste år, skal leggjast ved protokollen.



§ 6 Val og opplæring

6.1 Val

- Val av representantar til ungdomsrådet skal skje på skulenivå eller på ungdomsklubben innan 15. september

6.2 Opplæring

- Opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang skal skje i regi av skulen og/eller kommuneadministrasjonen innan 1. november

§ 7 Evaluering av vedtektene

Vedtektene skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet minst annakvart år, slik at heradstyret får vedtektene til vurdering minst ein gong i valperioden.

